

HOG ENERGI
Strandgaten 6
5013 BERGENDato: 16.05.2017
Vår ref.: 2014/12933-14
Saksbehandlar: artarne
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjettet for 2017; - tildeling av kr 650 000 i partnerskapsmidlar for 2017.

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2017 er det sett av kr 12,298 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 2,99 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2017) til næringsretta partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2017 vart handsama av fylkesutvalet 22.02.2017 (PS 45/2017). Totalt får 23 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2017. Den politiske saka finn de [her](#).

I denne saka blei det gjort vedtak om at HOG Energi skal få kr 650 000 i partnerskapsmidlar for 2017 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar». Vi viser også til inngått avtale om partnerskap for denne perioden. På grunn av reduksjon i dei fylkeskommunale rammene, er beløpet redusert for 2017. I tillegg kjem medlemskontingenten på kr 100 000 for 2017.

I HNN 2017 er det definert to særskilte satsingar knytta til energinæringane som vi ber HOG Energi ha eit særskilt fokus på:

- Satsing på energieffektivisering og miljøvennlege energiformar
- Arbeide for auka konkurransekraft i leverandørindustrien knytt til petroleumsnæringa, for å møte omstillingsutfordringane.

Rapportering for 2016 er mottatt i tråd med partnerskapsavtalen.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Fakturaen skal være utan mva.

Send faktura til Hordaland fylkeskommune

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

Merking av faktura

- **Deres referanse** er eit obligatorisk felt i EHF-standarden. Vi nyttar eit femsifra ansattnummer for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- **Deres referanse** i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID

ANSATTNUMMER: 10140
EPHORTENUMMER: 2014/12933

For utfyllande informasjon sjå:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Arthur K. Arnesen, telefon 970 93 086, e-post arthur.kristian.arnesen@hfk.no

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår partnerskapsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2017.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Arthur K. Arnesen
Konst. Nærings sjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.